

Årsmelding for Nedstrand sokneråd 2025



Lysmesse 2025 Nedstrand

Soknet har mellom anna fylgjande mål for arbeidet:

Nedstrand sokneråd ynskjer at kyrkja skal komme i møte med, og oppmuntre, alle døypte og udøypte i soknet, slik at ein opplever seg velkommen og berika i all kyrkjeleg verksemd i soknet. Vi vil:

- 1/ Stimulere til gudstenesteliv som rører, frigjer og utrustar.
- 2/ Styrkje arbeidet blant barn og unge
- 3/ Bygge livsnære fellesskap
- 4/ Frigjere mangfaldet av tenester, evner og nådegåver

Takk

Me legg året 2025 bak oss, og er godt i gang med vinteren 2026. Me ser fram mot ein ny vår, ein varm sommar og ein fin haust framover. Året som har gått har gitt oss gleder og sorger, og viktigarar enn nokon gong er budskapen albertavlene våre bringer: «Gud er kjærlighet» og «Tru, Håp og Kjærleik»

Arbeidet som er gjort i kyrkjene våre dette året har formidla Guds kjærleik til oss på mange vis, og me vil fortsatt arbeida for at menneske skal kjenna seg elska i møte med Gudstenester, trusopplæring og arrangement.

Soknerådet vil retta stor takk til deg som er tilsett i kyrkja, til deg som er med som frivillig og til deg som nyttar deg av det som foregår i kyrkja. Du er viktig!

Kåre Åsheim
Leiar i soknerådet

AKTIVITET OG DRIFT

2025 har vore eit år der vi har gjennomført planlagd aktivitet.

Gudstenestelivet

Gudstenestene er gjennomført etter oppsett plan.

Oversikt 2025: (Tal frå 24 og 23 i parentes)
Vi har hatt 53 (53, 53,) gudstenester på søndag og hellig-/høgtidsdagar, og 3 gudstenester utanom søndag og helligdag.

Til saman var det 3845 (4367, 3983,3897) deltakarar på gudstenestane. Gjennomsnittleg oppmøte på gudstenestane har vore 69 (78, 70,) personar. Det har vore 25 dåp (17, 11, 23). Ikkje alle bur i soknet.

I tilknytning til gudstenestane har vi mange frivillige som deltek: klokkarar, kyrkjevertar, songarar og dei som lagar kyrkjekaffi.

Konfirmantane deltek også med oppgåver i gudstenestane.



Far Oddbjørn med Synne på hennes dåpsdag.

Kyrkjenær: Trusopplæring (Kyrkjeleg undervisning) 0 til 18 år

Kyrkjenær skal famna alle døypte og tilhøyrande i alderen 0-18 år. Arbeidet i Kyrkjenær følgjer ein felles plan for Nedstrand, Tysvær, Førresfjorden og Bokn sokn, med enkelte lokale variasjonar.

Kyrkjenær starta august 2007. Alle medlemmar i målgruppa får tilsendt invitasjon, og dersom nokon som ikkje er medlem av den norske kyrkja ynskjer å delta, er dei hjarteleg velkommen til det. Vi ser at dette talet aukar, og det krev ein del «oppsøkjande» verksemd for at alle skal kunne få tilbodet.

Kyrkjelydspedagogen, Janne Eide, planlegg og legg til rette, medan fleire frivillige, deriblant konfirmantar, tek del i gjennomføringa av dei forskjellige tiltaka - og gjev såleis eit viktig bidrag inn i trusopplæringa. I ein store del av tiltaka er foreldre eller andre frå familien med borna. Å delta i dei ulike tiltaka, og få oppleve barna sitt engasjement og korleis ein jobbar med trusformidling i kyrkja kan vere til stor glede for dei som er med.

Ved barnedåp får alle dåpsbarn dåpslys og dåpsklut frå Kamerun. Dåpssamtalen har presten som regel heime hjå dåpsfamilien.

Babysong 0-1 år: På Nedstrand har ein barseltreff på Sosialsenteret annakvar veke. Janne besøkte dette i januar og fortalte om babysong. Omlag 7

babyar var på treffet. Datoar for våren blei satt opp, men liten interesse. Babysong har såleis ikkje blitt satt som tilbod hausten 2025.

Dåpshelsing 1 år og 2 år

Helsingane frå kyrkjelyden til 1-års dåpsdag er eit innramma bilete av kyrkja med bønna "Kjære Gud" og til 2-års dåpsdag har det variert, men i 2024 gav ein Familiekalender. Å levere desse helsingane "på døra" dåpsdagen var den opprinnlege modellen. 2025 har eit etterslep på helsingane for 1 og 2 åringar. Det blir arrangert ei samling eller forsinka utdeling våren 2026.

Undretur 3 år 3-åringane vert inviterte til undretur i kyrkjene. Borna blir kjent med kyrkjerommet, preikestolen, døypefonten og orgelet. Vi hørde forteljinga om sauene som gjekk seg bort og deretter song vi saman. Og vi laga Krølle-sau. Boka Kyrkja Mi blir delt ut til på samlinga og blir godt tatt i mot. Barna tar «Kyrkja si» med heim!

6/11 barn deltok saman med ein vaksen. Samlinga i Skjoldastraumen gjekk ut pga. sjukdom.

Undreturen foregår ein ettermiddag (kl 17-18).

Opplegget fungerer veldig godt. Barna som kjem får "Kyrkja mi" boka og korte seansar med undring, bevegelsar rundt i kyrkjerommet og det sanselege gjer det til ei flott samling, og ein "introduksjon" til kyrkjerommet. Familiene er inviterte til gudstenesta kommande søndag der dei får med seg "Krølle" sauene dei har laga.

Barnebibelen vert delt ut til alle 4-åringane i soknet på gudstenester i oktober. I forkant av utdelinga vert alle inviterte til ei ettermiddags-samling på Soknatun og Grendasenteret, der borna får bli kjend med bibel-forteljinga om Jesus.

I 2025 var det fantastisk oppmøte på samlingane! Vi bakar bollar, lager bokmerke med akvarell og perling, synger og leiker. Vi ete kvelds saman. 18 born kom saman med foreldre på samlingane. Konfirmentar var medhjelparar.



Utdeling barnebibel Skjoldastraumen

I dei 2 kyrkjelydane i Nedstrand sokn er det ein del ikkje-døpte og tilflyttarar. Ein må aktivt ta kontakt og invitere. Dei fleste er positive til å motta invitasjon. 19 barn av 17 registrert døypte = 112 % tok imot bibel. Veldig godt oppmøte og høgtidleg for foreldre og barn å ta imot bibelen i gudstenesta.

Barnebibelen får svært gode tilbakemeldingar frå foreldre. Dette året hadde ein ikkje kyrkjesuppe, men ekstra mykje godt til kyrjekaffi!

Julekrybbeverkstad for 5-åringane. I løpet av 2 samlingar får borna lage si eiga julekrybbe i ei lita eske. 11/17 barn deltok på samlingane saman med foreldre/besteforeldre. På samlingane er det stemningsfullt laga til. Vi har samlingsstunder der «julefortellinga» er tema, og vi et kveldsmat saman. SLUSH-leiarar hjalp til.



Frå julekrybbeverkstad på Soknatun.

I Nedstrand blei julekrybbene stilt ut på barnehagegudstenesta før jul. Skjoldastraumen hadde ikkje barnehagegudsteneste i 2025, men same årskull har julevandring i kyrkja.

Dåpsskule 6-år - 1.klasse.

Dåpsskulen 2024 hadde 4 samlingar + guds-teneste på kvar plass. Borna blir henta på skulen til kyrkja. 11 av 15 barn deltok. Kvar samling har eit tema som blir formidla på ulikt vis, og så har vi faste «ritualer», med song og meir. Vi et saman – barna har med niste, og vi lagar fine ting. Eit dåpstre blir satt opp i kyrkja, og der heng dåps-duer heile perioden. Boka får boka “Tre i tre”.



Frå dåpsskulen i Nedstrand kyrkje

Kjekt å få møte dei same borna fleire gongar. På første samling er foreldre med, og diakon Synnøve underviste. I Skjoldastraumen var Solveig Selvåg, Vivencia Hansen og SLUSH leiarar Jon Isak og Erik Sigmund medhjelpar, i Nedstrand Brit og Atle Aadland, Dag Tormod og SLUSH leiarar Johanne Kristine, Solveig og Karoline med. Dåpsskulen vert avslutta med gudsteneste der barna deltek og mottar diplom.

Hausttakkefest 2.klasse

Hausttakkesamling på Tveit vgs. Er eit godt samarbeid med Tveit vg skule, der både elevar og lærarar er med og legg til rette for dagen som er felles for Skjoldastraumen og Nedstrand. 10 av 18 barn deltok.

Vi møter barna på skulen, foreldre henta etter arrangementet. God kommunikasjon med skule . Dag Tormod er med. Barna høyrer om at Gud skapte jorda, dei opplever mangfaldet i naturen i natursti, blir minna om å ta vare på skaparverket, blant anna ved kildesortering. Barna får ta opp poteter, lager kunstbilete og et eit godt grillmåltid. Kjekt med kontakta med elevar frå Tveit vgs som kjem frå heile landet. Ein elev uttalte under opplegget : “ Dette skulle vi hatt kvar veke”! I tillegg til Janne, Dag Tormod og lærarar, har Atle og Britt Aadland stilt som hjelparar i mange år! Nokre av barna var med i hausttakkeguds-tenestane der dei bar inn grønsaker og hadde utstilt kunstverka sine.



Høsttakkeopplegg på Tveit VGS

Diakonidag 3.klasse.

Diakonidagen er på Nedstrand etter skuletid, frå kl. 13.00 -17.30 for begge kyrkjelydane og fungerer veldig godt! Vi har gode aktivitetar, dette året på Soknaton, vi besøker Nedstrands-tunet med fersk bakst og sang/teater, er i svømmehallen og jobbar kreativt.

Vi hadde med oss diakon Synnøve Haakonseth, Dietlind Nakling, Vivencia Hansen og tre

konfirmantar var med som medhjelparar. 15 av 23 barn var med.

Misjonsdag: 4.klasse. På skulane sin planleggingsdag i september blei 9-åringane inviterte til aktivitetsdag med fokus på misjon på Stemnestaden. Dette er i samarbeid med dei andre sokna. Masse kjekke aktivitetar og fellesskap. 11 av 18 deltok. Her var både prest og kyrkjelydspedagog med.

Bibelutdeling og leir: 5.klassingane får Bibel (NT) av kyrkjelyden sin. Alle blir invitert til utdelings-gudstenesta. Dei som ikkje får bibelen i gudstenesta får den levert heim. I forkant av utdeling blir 5.klassingane inviterte til «Bibel-pizza-treff». Vi har vald å ha egne samlingar for kvar plass, då blir det meir nærleik. Utanom undervisning, blir samlinga litt klubb-treff. Prest og kyrkjelydspedagog hadde samlinga. På treffa deltok 12 av 22 inviterte. Har ikkje tal på dei som kom på gudsteneste for å ta imot NT. Alle dei 22 (fleire ikkje-medlemar i DNK) fekk NT så deltakinga tilsvarer 169%!



Bibel og pizza 2025

Påskeleir 5.-7.kl

Soknet har lang tradisjon for å arrangere leir for 5.klassingane i tilknytning til bibelutdelinga. For fjerde året arrangerte Kyrkjenær i samarbeid med Normisjon/Stemnestaden på påskeleiren for 5.-7.klasse. Kyrkjenær hadde ansvar for undervisning alle tre dagane og kreativ påskeverkstad, samt organisering av Bibelpugg. Normisjon stod for påmelding og økonomi. Å ha leir over fleire årstrinn gir moglegheiter for barna å reise fleire år - og på mindre plassar har ein ikkje alltid ein "bestevenn" i klassa. I 2025 "kuppa" Nedstrand sokn leiren med heile 34 deltakarar!

Janne er leiar heile leiren. Leiren blei avslutta med gudsteneste i Aksdal kyrkje, som blei ei flott oppleving.

Lys Vaken: 11 år, 6.klasse

LYS VAKEN 2025 – adventsnatt i kyrkja blei godt gjennomført adventshelga. Janne og Dag Tormod leia opplegget. 12 av 22 inviterte deltok, samt 6 konfirmantar og nokre foreldre var med frå 17-23. Samling og perlevandring og juleverkstad i kyrkja. Vandring på gamlevegen til Soknatun. Tacomåltid, film og lek. Tilbake til gudstenesteverkstad og samling med foreldre i kyrkja.



Lys Vaken deltakarane samla.

7-klasetreff: Kyrkjelydspedagogen hadde hovudansvar for kvelden som var lagt til Aksdal kyrkje. 7 klasse-treffet «Min digitale verden», er eit samarrangement med alle menigheter i Tysvær og Bokn. Temaet for kvelden (18-21) var nettvett og bevisst nettbruk ved Fartein H Thorsen frå Barnevakten.no . Arrangementet var dette året saman med foreldre. Vi hadde to økter med foredrag, isbuffet innimellom, og klubbaktiviteter. Arrangementet kolliderte desverre med fotballfest, så kun 3 barn + foreldre frå NS.

Tiltak for 13-åringane: 13-åringane frå Nedstrand blir inviterte til å vere med på sommaravslutninga for Ungdomstreff på Soknatun slik at dei kan bli litt kjent og kanskje få lyst til å begynne på Ungdomstreff til hausten. Rundt 10 møtte.

Konfirmantundervisninga

25 konfirmantar har følgt undervisninga dette året (2024/25) fordelt på 13 i Nedstrand og 12 i Straumen og vi har god oppslutnad.

Konfirmantane deltek på minst 8 gudstenester, der dei har oppgåver på nokre av dei. Vidare består opplegget av samlingar i kyrkjene etter skuletid og nokon fellesamlingar på kveldstid. Konfirmantane har i tillegg hjelpeleiaroppgåver på Kyrkjenær-arrangement.



Sebastian konfirmert i Nedstrand kyrkje



Konfirmasjon Nedstrand

Vi hadde oppstartsweekend Off Piste i august og brukte Soknaton som base. Som vanleg inviterte Nedstrand skyttarlag oss på skytebanen og vi hadde opplegg i krykja. Konfirmantane sov heim. Mange var også med på konfirmantleiren på Brandøy.

Årets innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp blei som vanleg gjennomført som dør til dør aksjon. Vi merkar at mange ikkje har kontantar å gje men vi trur likevel det er viktig at vi kommer og utfordrar til å gje til Fasteaksjonen – enten på vipps eller med kontantar

Til saman samla konfirmantane inn (kontantar og vips) kr 37 804 .(38 237, 43 318). Kr 16 893 blei samla inn i kontantar.



Konfirmasjon 24/25 kullet i Skjoldastraumen.



Tur til Ørnasete i Tveitskogen i samband med Off Piste for 25/26 kullet.



Presentasjon Skjoldastraumen
For konfirmantkullet 24/25 er opplegget godt i gang. Off-piste ble gjennomført (i august 2025) utan overnatting på Øvre Amdal.

Soknepresten har ansvaret for konfirmantopplegget og kyrkjelydspedagog er med på nokre samlingar. Det er 17 konfirmantar i 2025/26 kullet.

Unge over konfirmantaldar:

Vi har verken i Nedstrand eller Skjoldastraumen tiltak i regi av Kyrkjenær for unge over konfirmasjonsalder. I Nedstrand deltek mange på Ungdomstreff annakvar fredag.

Anna arbeid blant barn og unge



SLUSH – Leiarkurs, søndagsskolen 5.-8. kl

I januar inviterte kyrkjelydspedagog til 2 dagers leiarkurs i Aksdal kyrkje. To leiarar frå Søndagsskolen holdt kurset, og 8 barn frå Skjoldastraumen og Nedstrand + to vaksenleiarar deltok! Kurset var gøy og lærerikt - og barna fekk kursbevis etter endt praksis. Barna har vore – og er – viktige ressursar i Kyrkjenær arbeidet!

SoulKids:

Kor for born frå 1.-7.klasse . 13 har delteke der. Leiar/dirigent har vore Jorunn Sande Baustad og Åsne Hustoft. På våren blei koret inviterte av Førresfjorden menighet til å delta på korverkstad og konsert med Bjarte Leithaug 6.sep i samband med Aksdal kyrkje 30 år. Dette samla rundt 12 barn til fleire øvingar leia av Jorunn, med Åsne B Hustoft på piano. På arrangementet deltok rundt 55 barn frå 6 menigheter – og konserten fylte kyrkje, med anslått 350-400 personar. Arrangementet hadde også til hensikt å løfte fram korleiarar og gi ny giv. Soul kids sang på begge gudstenestene ved 4 årsbibelutdelinga. På Nedstrandtunet, ved julegudstenesta og juletreffesten!



Soulkids med dirigent Jorunn Sande Baustad på gudstenesten der vi hadde utdeling av barnebiblar

Nedstrand barneforening har hatt 10 samlingar og basar. Fine samlingar med ca. 30 –40 born kvar gong. Leiarar har vore: Gunvor Hustoft, Gunn Elisabet Hellenen Ertenstein, Marit Heien og Sigfrid Espevoll. Dei har også arrangert 4 pizzakvelder for 5. til 10. Klasse.

Sundagskule og fredagsklubb på Vatland bedehus: Fredagsklubben har hatt 13 treff. Søndagsskolen har hatt 15 samlingar med 12 born som har gått regelmessig. Nokre samlingar har vært med vaksne og har då samla 20-30 personar.

Etter skuletid i Straumen



Etter skuletid Straumen. Siste samling før jul da alle var med å lage bilde av Jesus, Maria og Jesus i stallen.

Vi har hatt 8 samlingar. Mellom 5-15 barn har møtt opp på samlingane Solveig Selvåg, Vivencia Hansen og Astrid Asheim er leiarar. Kyrkjelydspedagog, sokneprest og diakon er med kvar sin gang.

Ungdomstreff

Annakvar fredag er det ungdomstreff på Soknatun i Nedstrand. Oppmøtet varierer mellom 10-25 ungdommar. Åge Baustad, Gunstein Landro, Erlend Sande, Dag Tormod Milje, Leif Kenneth Topnes, Sturle Monstad, Anja Elin Wiklund, Janne Eide..

Adventstida:

Også i år har stallen blitt satt opp utanfor Nedstrand kyrkje med stjerna hengende over. Vi opnar krybba i forbindelse med lysmessa. Gjennom uka tek mange turen innom stallen for å sjå nærare på figurane.

I Skjoldastraumen kyrkje har vi stjerna som vert tend 1. søndag i advent, og vi har ei flott julekrybbe utstilt inne i kyrkja der ei steinhelle med fleire millionar gamalt fossilavtrykk utgjer bakveggen.

Frivillig engasjement.

Det er mange frivillige som stiller opp til dei forskjellige tiltaka i soknet. Dette er soknerådet takksame for og kyrkjelydane avhengige av. Samstundes treng vi stadig fleire frivillige. (Ta gjerne kontakt med nokon i soknerådet om du ynskjer å bidra på nokon av aktivitetane. Ein gong eller fleire)

Misjonsforeningar

Både i Skjoldastraumen og i Nedstrand er det kvinneforeningar tilslutta Det norske misjonsselskap.

Samarbeid med andre

Soknet har eit breitt og godt samarbeid med mange lag, foreningar, og kommunale institusjonar i soknet. Nedstrand museum- og historielag er med å arrangerer friluftsgudsteneste og Nedstrandsbuen har medverka med å pynte kyrkja på hausttakkegudstenesta

Nedstrandtunet, Sosialsenteret og Grendasenteret.

Soknepresten med organist har månadlege andaktar på Nedstrandtunet, Sosialsenteret på Nedstrand og på Grendasenteret i Skjoldastraumen. Aktivitetsleiar og sokneprest leia også 6 refleksjonssamlingar på Sosialsenteret.

Soknepresten har også ein del individuelle samtaler på Nedstrandtunet.

Samarbeidet med leiinga og aktivitetsleiarar er godt, og det gjer det mogleg å kome i kontakt med ein stor del av dei eldre i soknet.

I juni og desember inviterte vi til songandaktar i Nedstrand kyrkje særleg tilrettelagt for bebuarar på Nedstrand tunet med godt oppmøte.



Haldis Klungtveit, Berit Kvam og Elsa Bastlien serverte riskrem etter songandakten i Nedstrand kyrkje før jul.

Barnehagane

I *barnehage-kyrkje-samarbeidet* har vi innarbeida julevandring med 5-åringane både i Skjoldastraumen og i Nedstrand leia av kyrkjelydspedagog. Utkledd med kostymer og med tildelte roller frå juleevangeliet får barna bli med å dramatisere julefortellinga. I Nedstrand gjennomføre vi barnehagegudsteneste med foreldre.

Skule-kyrkje

Samarbeidet med Straumen skule og Nedstrand barne og ungdomsskule følgjer ein plan som er godt innarbeida. Soknepresten underviser følgjande tema: Om kyrkjebygget, kyrkjeåret og symbol (for 2.trinn). Om død og gravferd (4.trinn). Om Bibelen (5.trinn). Om sorg og kriser (9/10.trinn). Sokneprest hadde også undervisning begge stader om kristenretten (for 7.trinnet). Vi har hatt advent/julegudstenester for både Straumen skule og Nedstrand barne- og ungdomsskule.

Anna verksemd i soknet sin regi

Konfirmanfest for årets konfirmentar og gulljubilantar.

For årets konfirmentar med familie blei det arrangert festar etter Ung messe både på Soknaton i Nedstrand og på Grendasenteret i Skjoldastraumen.

Her blei og 50-års jubilantar invitert.. Det var godt oppmøte også av gulljubilantane

Gospelgudsteneste

30.mars hadde vi ein flott gudsteneste med mykje gospelsong. Både med gode solistar og fellessang under leiing av Arne Myskja.

Soknemøte (Årsmøte) for kyrkjelyden

Årsmøtet for 2025 vart gjennomført 30.mars etter gudstenesta i Nedstrand.

Trusopplæring for vaksne

Soknerådet inviterte til fire samlingar i Skjoldastraumen med følgande tema:

25.mars: Påskebodskapet ved sokneprest Bård Egil Dyrhol.

22.april: Skaperverket ved Sven Johan Sjølingstad

28.oktober: Hvilen bønn ved Hans Olav Westen.

25.november: Sjømannskirken i Albir og det diakonale arbeid ved Øyvind og Astrid Tjelle Bårdsen.

Vi møtes i kyrkja og syng saman, og går deretter til Grendasenteret for kveldsmat og tema. Ca. 20 var med på samlingane.

Diakoni

Ved hjelp av frivillige gir soknerådet ei blomsterhelsing til dei som har runde fødselsdagar. Sokna i Haugaland og Karmøy prosti samarbeider med å gje tilbod om sorggrupper. Informasjon om dette blir mellom anna sendt ut i samband med invitasjonsbrev til pårørande til allehelgens-gudsteneste der vi minnast dei som er døde det siste året.

Misjonsprosjekt: For perioden 2024-2028 har vi to prosjekt: NMS sitt arbeid i Midtausten, mellom anna Sat 7 Media-arbeid og Stefanusalliansen med Stefanusbarna og arbeid i Egypt. Soknet har forplikta seg til å støtte kvart prosjekt med kr 25.000 pr. år.

Soknet støttar Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Ved hjelp av konfirmentane gjennomfører soknet vanlegvis dør til dør innsamling. Årets resultat blei kr 37 804. I tillegg hadde vi offer til Kirkens Nødhjelp på gudstenestane julaftan og 17.mai.

Kyrkjelydstur

Årets kyrkjelydstur var 16.august. Turen gjekk til Utstein og Stavanger.



Utstein kloster med guide fra Stavanger museum som formidlet historie.

Vi hadde omvising i Utstein kloster og ble invitert til kaffi og informasjon på Utstein pilgrimsgård. Etterpå kjørte vi til Stavanger. Noen gikk på Stavanger museum og så utstillinga Stavanger 900 år. Andre ble med på pilgrimsvandring frå Eiganes ned til Vågen der vi tok imot fleire som kom reisande i pilgrimsbåtar.



Grilling ved Kongsgård skule

Etter grilling ved Kongsgård skolegard deltok vi på flott pilgrimsmesse i den nyoppussa Domkirka. Det ble en kjekk og innholdsrik tur hvor vi fikk kontakt

både med vår historie og aktuelt kyrkjeliv i Stavanger bispedømme.

Julekonsertar



Sofia Loise Henriksdatter, julekonsert i Skjoldastraumen.

Lørdag 20. desember var det julekonsert i Skjoldastraumen med Henrik Hundsnes & co. Det ble ein flott konsert med ca 190 til stades. I tillegg til Henrik var desse med: Sofia Loise Henriksdatter på song, Steffen Horn på piano, Sverre Vågen på trompet, Amund Sylte og Morten Engebretsen Stokke på gitarer.

Søndag 21. desember var det nok ein gang Vår jul i Nedstrand leia av Arne Myskja. Mange var med i julekoret som hadde 4 øvelsar før konserten. Lokale solistar Ingrid Skogvold, Åsne Breidablikk Hustoft, Rita Rimereit og Ingrid Landro og Oguen Anar deltok samen med Ole Morten Velde som var med som gjestesolist også i år. Kjersti Holta leste fortellinga Verdens vakreste rose akkompagner av på hardingfele.

I bandet var Jon Olav Svensson Haakonseth (tangentar), Anders Lunde (bass), Torleif Fossum (gitar), Arne Haugen (trommer), Trond Schølberg (steel-gitar) og Berit Johanne Folkedal, (trompet). Ca 180 var på konserten.



Julekonsert Nedstrand.

Julefest

Vi markerte også Jule/Hellig trekongers fest søndag 5. januar. Vi starta med gudsteneste i Nedstrand kyrkje og gjekk så til Soknatun. Det blei ein fin fest men litt for dårlig oppslutning. Soknerådet evaluerte festen og bestemte å satse litt meir i 2026.

Kyrkjetonar – kyrkjelydsblad

Sokna i Tysvær samarbeider om å gje ut Kyrkjetonar. Ingrid Hustoft Landro er redaksjonsmedarbeidar. Ståle Hustoft er redaktør.

Pilegrimsarbeid - samarbeid

I Haugaland Pilgrimsutval er Janne Eide representant for Tysvær. I 2025 var pilegrimsdagen 16. aug under Stavanger bispedømme 900 år hovedsaka ein jobba med. Frå Nedstrand sokn la ein kyrkjelydsturen til Stavanger. Ni personar kom sjøvegen med motorskøyta "Svanå". Nokre kom landevegen og fekk med seg programmet på Utstein kloster.

Soknatun

Soknet eig Soknatun, og det er god drift av huset. Det er eige styre for huset. Rekneskapet er ein del av Nedstrand sokneråd sitt rekneskap. Utgiftene på huset er ein del større enn inntektene, men blir inntil vidare dekt av fond Soknatun. Frå Legat for Eldre og Uføre mottok Soknet kr 50 000 til Soknatun.

Styret består av:

Åge Baustad

Inger Johanne Silgjerd Monstad, Gunstein Landro og Erlend Sande. Marit Kvalheim Heien

(representerer soknerådet i styret). Vara : Leif Kenneth Topnes og Lars Kåre Bakkevig.

Dueland skule

Tysvær kommune har vedteke å overdra Dueland skule i Skjoldastraumen til Nedstrand sokn. Den formelle overdraginga er ikkje gjennomført. Frå Legat for Eldre og Uføre mottok soknet kr 150 000 til vidare arbeid med Dueland skule.

Kyrkjene og kyrkjegardar

Det er kyrkjeleg fellesråd/kyrkjevevja som har ansvar for drift. Nødvendig vedlikehald blir forsøkt gjort etter kvart som det blir oppdaga at det trengs.

Nedstrand kyrkjeforum 2025

Nedstrand kyrkjeforum er medlem i Norske kirkeakademier og har gjennom året hatt fleire kultur-arrangement i Nedstrand kyrkje. Nedstrand kyrkjeforum har hatt følgjande samansetning : Janne Eide (leiar og kasserar), Bjørg Rørtveit (nestleiar), Brit Silgjerd, Sissel Efstad (styremedlem) Sissel L Myskja (sekretær) Leif Kenneth Topnes er soknerådet sin representant. Styresamlingar: Vi har hatt 6 styresamlingar dette året. Det har vore planleggingstreff i kyrkjerommet før arrangement. I tillegg ein del kontakt mellom medlemmene på eiga facebookside. Me har oppretta eit samarbeid med Soknerådet når det gjeld konsert-arrangement. Gjennom Soknerådet blir det betalt Tono-avgift. Me fekk også 10000 kroner frå Tysvær kommune til Sommarkonsertane.

Kyrkjeforum arrangerte følgjande samlingar:

Himmelstreif- Peters påske-Når lyset trenger inn. Hilde Sveta, Irene Ulnes og Kristian Lie Bjelland, song, forteljing og klaver. Det var ca 60 frammmøtte.

Pinsekonsert

Kristin Asbjørnsen heldt flott konsert, men skuffande frammmøte, 64 betalande. Her vart det i år eit underskot. Mykje av utgiftene var reise og opphald. Her er me takksame for godt samarbeid med Soknerådet. Dei var med og delte underskotet.

Sommarkonsertane

Bjørg har også i år gjort ein stor jobb med å finne aktuelle musistarar. Dei 4 onsdagskonsertane samla rundt 300 tilhøyrarar. Dette har blitt ein tradisjon som vi vil halde fram med. I år var sjette året med sommarkonsertar. Konsertane har gratis entre. Vipps gave.

9.juli Øystein Folkedal og Morten Georg Gismervik, piano og gitar

16.juli Øystein Nilsen og Arnfinn Tobiassen, hardingfele og orgel

23.juli Lina Fisk Eide og Jon Egil Brevik, Piano, Sommarsongar og allsong

30.juli Erik og Amelie Aldner Sang, piano og saksofon

Ta vare på flokken din

Bjork Matheasdatter 4. September. Samlinga var på Soknatun og tema var sameksistens og samliv. Mange frammmøtte Kaffi og lett mat vart servert.. Her hadde me påmelding og inngangspengar kr 300. Også sal av bøker ho har skrive. Mange gav tilbakemelding om ein fin kveld.

Blestarrangement

25.november vart Tom Roger Aadland bokbada av Dag Tormod Milje. Aadland har gitt ut boka "Alle dei i ei". Det blei ein fin samtale om tekstar i boka. Etterpå heldt han også konsert. Rundt 80 frammmøtte. Redaktør i Tysvær bygdeblad hadde utstilling i galleri OPEN PORT på prestegarden av publiserte foto tatt under nokre av konsertane i Nedstrand kyrkje.

Økonomi

Det blei samla inn kr 178 993 (2024: 184 084; 2023: 184 616) i offer/kollekt i gudstenestene. Av dette gjekk kr 34 137 (2024: 33318; 2023: 32 355) til eiga verksemd. Kr 8 400 (2024: 13 400; 2023: 9 400) kom inn via soknets givarteneste.

Nedstrand sokneråd har gått med eit overskot på 301 929 (2024: 421 867 (235 190 inkl. fra salg av Stranda bedehus); 2023: kr 91.768). Tildelinga frå Legat for eldre og uføre til Dueland skule og Soknatun (til saman kr 200 000) er hovudgrunnen til det store overskotet.

Soknatun

Driftsutgiftene for huset er kr 81 059. Utanom kr 8000 i leigeinntekt dekkes resten av bruk av fond.

Soknet sin økonomi er god og gjer det mogleg å drive ynskja arbeid. Soknet disponerer 6 fond som 31.12.2025 til saman utgjer kr 1.795.831.

Tilsette med hovudansvar i Nedstrand

sokn:

Sokneprest: Dag Tormod Milje

Organist: Vikarar

Kyrkjelydspedagog Janne Irene Eide

Kyrkjetenar (og kyrkjegardsarbeidar) i Nedstrand:

Gunn Elisabeth Hellen Ertenstein

Kyrkjetenar Skjoldastraumen: Sissel Efjestad

Reinholdar: Gunn Elisabeth Hellen Ertenstein

Sekretær: (Katrine Eide, permisjon) Gunn Elisabeth Hellen Ertenstein (vikar)

Kyrkjegardsarbeidar: Einar Selvåg

Audhild Frøyland og Kåre Åsheim (medlem). Vara Åge Baustad og Dag Tormod Milje

Bispedømmerådet: Arne Myskja er varamedlem. Dag Tormod Milje valt av prestane i bispedømmet er medlem i bispedømmerådet og i Kirkerådet.

Nedstrand 17. februar 2026

Kåre Åsheim

Leiar Nedstrand sokneråd

Nedstrand sokneråd

Leiar: Kåre Åsheim

Nestleiar: Marit Kvalheim Heien

Sekretær: Åge Baustad

Medlem: Synnøve Bårdsen Lindanger, Audhild

Drivdal Frøyland, Jostein Harboe, sokneprest Dag Tormod Milje

Varamedlem (1. og 2. vara møter fast, alle får innkalling):

Karina Fitjar (1.vara),

Gunn Elisabeth H Ertenstein (2.vara),

Åse Paulsen (3.vara),

Leif Kenneth Topnes (4.vara)

Beate Hoftun Lindgren innvilga permisjon til oktober 2026

Rådet har i 2025 hatt 6 møter og har handsama 46 saker.

Fellesrådet

Valt frå Nedstrand sokneråd til medlemmer i fellesrådet: